



Arkivsaknr: 2025/13541-40
Sakshandsamar: Eileen Marie Feste
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Klagesak - avslag på søknad om driftstilskot - Nordre Austebygd Velforening

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett opprettheld vedtak *om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar 2026 – søknadsfrist 15.11.2025*, og avviser klagen frå Nordre Austebygd Velforening.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Saka gjeld

Nordre Austebygd Velforening søkte driftstilskot til andre kulturorganisasjonar 2026 innan fristen 15.11.2025. Laget fekk avslag og har sendt klage på vedtaket, datert 26.02.2026 (*vedlagt*).

Ifølgje retningslinene for tilskot til kultur og idrett, skal klagen handsamast i politisk hovudutval for kultur og idrett.

Saksopplysningar

Bakgrunn

16 av 27 søknadar til ordninga fekk tilslag, totalt vart det delt ut kr 167 500.

I retningslinene står det «*Tilskota vil basere seg på aktivitetsnivå, rekkevidde og rolle i lokalsamfunna og nærmiljøa.*»

I klage frå Nordre Austebygd Velforening datert 26.02.26, heiter det;

...utgiftene er høye når vi ikke får strømstøtte eller Norgespris (bare i januar kostet strømmen 4000 kr), og vi betaler kommunale avgifter som om huset skulle vært i bruk hver

dag. Bare i 2025 betalte foreningen 20.000,- i strøm (og fikk 326 kr i strømstøtte) og 7900,- for kontroll av elektrisk anlegg. Vi er helt avhengige av å få noe støtte fra kommunen. Det ble ikke søkt om denne type støtte for 2025.

Vurdering

Søknaden gjaldt tilskot til drift av andre kulturorganisasjonar. Rapporteringa er gjennom årsmelding og rekneskap. Ved søknadar om driftstilskot må det derfor komme tydeleg fram kva for del av organisasjonen si verksemd som er kulturaktivitet, og kva for utgifter og inntekter som er knytt til dette. Vidare må behovet for eit driftstilskot komme fram: at laget generelt har kulturaktivitet som har behov for tilskot og ikkje vil finne stad utan eit slikt tilskot.

Omgrepet *kulturaktivitet*, eller *kulturretta formål*, er etter tildelingsutvalet si vurdering knytt til ålmenne og opne møteplassar, hendingar og arrangement, med kulturaktivitet som del: til dømes lokalsamfunnsarrangement, friluftslivsdagar, konsertar eller føredrag. Alver forvaltar eit breitt kulturomgrep, men har i tilskotsforvaltninga i ei årrekke vurdert etter ei slik forståing. Driftsutgifter til eit samfunnshus kan òg utløyse tilskot, men då må huset sin bruk og funksjon til kulturaktivitet komme tydeleg fram. Ei slik tolking og forvaltning er elles i tråd med spelemiddelordninga til lokale kulturbygg, som kommunen forvaltar på lokalt nivå: dei fleste hus kan oppnå støtte så lenge omfanget som lokalt kulturbygg er til stades.

I klagen viser Nordre Austebygd Velforeining til at huset vert nytta til slike formål, ved månadlege samlingar om lokalhistorie, med musikk og aktivitetar. Slik kan i utgangspunktet vere innanfor verkeområda for tilskotsordningar for kulturformål i Alver kommune, og søknaden er ved klage slik korrigert med nye opplysningar. Alver kommune er òg frå før godt kjent med bygget si historie som privat skulesamling og samfunnshus for denne delen av Holsnøy.

I opphavleg søknad er det lagt ved siste godkjente årsmelding og rekneskap, frå 2024, samt budsjett for 2025. I klagen er det lagt ved rekneskap for 2025, samt aktivitet frå 2025. I utgangspunktet vil tildelingsutvalet berre kunne ta utgangspunkt i den informasjonen som er tilgjengeleg til søknadsfristen, her 15.11.2025, og då frå 2024. Dette er likt for alle søkjarar. Dei nye opplysningane om månadleg aktivitet er i stor grad for 2025.

Det vil vere krevjande om presedens vert sett til at klager kan få søknad vurdert på ny ved hjelp av innsending av dokumentasjon for seinare periodar enn det som var opphavleg søkt for, og klagen bør derfor avvist.

Dei økonomiske rammene for tilskot til kultur- og idrettsformål vart til 2026 redusert med 1 million kroner, noko som reduserer handlingsrommet ved tildelingane. Alver kommune har òg ordningar for arrangement/arrangørar, og mindre investeringar i samfunnshus, som kan vere aktuelle for klagar.

Kommunedirektøren si tilråding

Vedtak i tildelingsutvalet om avslag bør oppretthaldast, og klage frå Nordre Austebygd Velforening bør avvisast.

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for tilskotsmidlar kultur og idrett
- 2 20260211_Referat møte tildelingsutvalet (2)
- 3 brev Nordre Austebygd Velforening